

# KYRKJEBLADET

62. årg.

FOR VAKSDAL

Nr. 5/2008

**Andakt** Side 3

**Slekters gang** Side 13

**Gudstenesteliste** Side 14



**Minnegudsteneste**

Side 5

**Konfirmant-jubilantar**

Side 8 og 9

**Israelstur**

Side 11

## DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

### Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3  
5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20  
Faks 56 59 39 29  
E-post: kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

### Ekspedisjonstid:

**Tysdag og torsdag kl. 09.30-15.00  
onsdag kl. 11.00-15.00**

### Kyrkjeverje Svein Tøsse

Tlf. kontor 56 59 39 21  
Mobiltlf. 95 97 99 05  
E-post: kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no

### Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn  
Tlf. kontor 56 59 70 88  
Mobiltlf. 90 84 06 24  
E-post: edvard.boe@vaksdal.kyrkja.no  
Postboks 23, 5725 Vaksdal

### Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen og Nesheim sokn  
Tlf. kontor 56 59 39 20  
Mobiltlf. 90 19 65 14  
E-post: frode.kvamsøe@vaksdal.kyrkja.no  
Tlf. privat 56 59 73 15  
E-post: fkv@broadpark.no

### Kantorane Olav Arne Steinkopf og Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Tlf. kontor: 56 59 39 20  
Tlf. privat: 56 59 56 25  
E-post: steinkopf@online.no

### Organist i Eksingedalen og Eidsland Asbjørn Nese

Tlf. privat: 56 59 59 26  
Mobiltlf. 95 22 84 47

### Telefon til soknerådsleiarar

**Stamnes:** Odd Helland, 56 59 81 33  
**Eksingedalen:** Britt Nese, 56 59 58 12  
**Felles for Vaksdal, Dale, Bergsdalen og Nesheim:** Ragna Lid, 56 59 89 20

### Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.  
Avtal helst på førehand.  
Prestane har teieplikt.

## Julehøgtid

Festbordet skalv under fat og tallerkar  
Det glitra i ljós og bogna av rettar  
Ungane sprang og var hoppande glade  
Proppande fulle av mørk sjokolade

Juletretoppen stakk opp bak ei pakke  
resten av treet laut fint ta til takke  
som bakgrunnsbelysning for kveldens kommers  
ein stabel med pakker på kryss og på tvers

No skulle neste etappe få byrje  
Ein av dei minste var klar til å syrgje  
Han fekk visst ei mjuk ei, med ullsokkar i  
so ikkje han fraus slik når han gjekk på ski

Men guten var hugen på filmar og spel  
"Slik adle dei andre i bygda fortel"  
og besto fekk blikk ifrå guten si mor  
- han fekk visst ei liknande gåve i fjor

Sjå slik ei høgtid i heimen og stova  
gåver og klemmar og takk vere lova  
velstanden måtte dei sjå å bevare  
-bilete takast før dei skulle fara!

Tante tok ansvar, og filma og knipsa  
stunda var over, og kokka vart tipsa  
alle var raud i fjeset av kavet  
sløyfer og gåver låg heilt ut til badet

Litt etter kvart vart dei trøtte og leie  
på toppen av alt var dei tomme for bleie  
dei samla i saman på pakker og kort  
og stappa i posane minst lika fort

Dei eldste i stova var mindre fornøydde  
då kaffi og kaker var ferdig fordøydd  
for ingen stakk innom att før neste gong  
når da skulle syngjast ein juletresong

**Svein Tøsse**



### KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal  
Bladpengar: kr. 150,-  
Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. Avgiftsfrift.  
Bankgiro: 3500.07.05800

**Bladstyrar:** Kyrkjeverja i Vaksdal

**Grafisk utforming:** Wenche Horvei

**Kasserar:** Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd, boks 113, 5721 Dalekvam

**Eksp. og trykk:** Øystese Trykkeri A/S, Nedre Vik, 5610 Øystese.

Tlf. 56 55 36 50.

**Retur til:** Kyrkjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam.

Framsidebilete: Sørfjorden ved Vaksdal, foto Ann-Elin Mjelde Gullbrå

**Stoff til neste nr. må vera kome inn til 16. januar**

# Sjølve julegåva er inni innpakninga



Adventstida står for døra, og det tyder at julefeiring er ganske så nær. Adventstida nyttar me til juleførebuing av ymse slag, ikkje minst til å kjøpe eller lage julepresangar. Somme er nok allereie ferdige med julepresangane, mens andre dryger heilt til sjølve julafstan.

Julepresangane har ulik storleik og form, og det er som oftast ikkje lett å sjå på førehand kva som er inni. Men hvis det er ei bok, gjer form og vekt at me får ei aning om kva det er. CD-ar og DVD-ar er ikkje så vanskelege å kjenne att, men meir enn det veit me jo ikkje før me opnar pakken. Og det kan jo vere eit spel til PC-en eller liknande som er inni. Ein pakke me kan rista på, kan vere eit puslespel, eit byggesett, ei konfekteske- eller noko heilt anna. Og så dei mjuke pakkane, då! Det kan jo vere både dyrt og flott det som er inne i ei slik, men det kan og vere ein genser i feil farge eller eit slips i feil mønster! Somme gåver er uventa, andre ikkje. Somme gåver er nett det me ynskte oss, og dei gjer oss glade, andre gåver er noko me eigentleg ikkje vil ha – og me vert ikkje glade. Somme gåver er solide, og varar i lang tid, andre tolar ikkje at me nyttar dei, og vert til skrot omtrent før jula er over.

Advent og jul er ei tid for tradisjonar. Me veit så nokon lunde kva me skal gjere – og kva me skal ete. Nokre endringar vert det vel, etter som alder, familietilhøve og arbeid er mellom det som endrar seg med tida. Jula si ”innpakning” er ganske lik frå år til år, og mange set pris på den tryggleiken juletradisjonane gjev.

Men kan det vere at me vert så opptekne av det ytre ved jula at me ikkje heilt får med oss innhaldet - omtrent slik små born er meir opptekne av det knitrande og fargerike innpakningspapiret enn av sjølve gåva? Jula er ei stor gåve, og gåva er til oss alle. Vil me ha del i den gåva, er det altså ikkje alt rundt henne som er det viktige, men sjølve gåva.

Gåva har eit namn; Jesus. Han kom for å gjere Gud endå meir nær i våre liv. Han kom for å vere vår frelsar og redningsmann. Han kom for å gje oss ein fred som me ikkje kan få av nokon andre eller på andre vis. Han kom for å vere så uendeleg meir for oss enn me kan tenke oss på førehand. Då gjeld det å ikkje gå glipp av alt dette ved å vere meir opptekne av innpakninga enn av innhaldet! Kan hende hjelper desse orda frå Oskar Stein Bjørlykke oss til å skjøne kor stort det er at Jesus kom:

**Jul**  
 alle våre  
 draumar  
 sorger smerter  
 alle våre  
 gleder  
 i dette eine:  
 Gud  
 kom til jord

*Ei god adventstid og julehøgtid til dykk alle, og velkommen til kyrkja!*

*Med beste helsing  
Frode Kvamsøe*

# Juleverkstad på Vaksdal

Også i år vert det Juleverkstad på Vaksdal. Alle barn med eller utan følgje er velkomne til Vaksdal bedehus laurdag 6. desember kl. 12:00. Verkstaden varer til om lag kl. 15.

Som tidlegare år startar me med ei andakt, denne gongen ved sokneprest Frode Kvamsøe. Så vert det å gå frå bord til bord med ulike hobbyaktivitetar. Me lager rett og slett pynt til jul, eller ting som du kan gje som julepresangar. Det er enkle ting der sjølv dei minste skal kunne vere med og lage mest mogleg sjølv, men det hender at ein vaksen må hjelpe litt til med klippinga. Det vil vere ein vaksen eller to ved kvart bord som fortel dei som kjem om kva som skal gjerast og korleis. Så kan borna sette namn på tingene sin,

lege han til lagring, og gå vidare til neste aktivitet.

Når dagen er over kan borna få med seg alle tinga dei har laga. Dette er ikkje noko som borna må betale for å vere med på. Kyrkjelydsutvalet spanderer alle utgiftene på dagen. Det gjeld og bevertninga. Det vert noko lett å eta, samt saft, og dei vaksne kan få kaffi og te.

Tidlegare år har juleverksta- den vore ei juleavslutning for barnelaget. No er barnelaget på torsdagane gått over til søndagsskule på sundagane.



Men me tenkte at mange har hatt juleverkstaden som ein fin førjulstradisjon, og difor har me lyst til å halde på denne.

**Vaksdal kyrkjelydsutval**

## Tone Synnøve i Bispedømerådet

Ein av kantorane våre, Tone Synnøve Ø Steinkopf, går no inn som fast medlem i Bjørgvin bispedømeråd. Ho har tidlegare vore vararepresentant, men då den faste representanten går ut, tek Tone Synnøve over hennar plass. Med denne endringa

vil ho frå no av ta del i det årlege Kyrkjemøtet. Ho får og sete i Kyrkjerådet, som er Kyrkjemøtet sitt førebuande og iverksetjande organ.

**Tone Synnøve Ø. Steinkopf**

Foto: Lars A. Oma



# Minnegudsteneste på nyårsaftan

Det har vorte tradisjon at det på nyårsaftan kl.16:00 er ei minnegudsteneste i Stamnes kyrkje.

Gudstenesta er felles for dei seks kyrkjelydane i kommunen, der me spesielt inviterer pårørende til alle som har mist nokon av sin kjære det siste året.

Gudstenesta er samstundes open for alle. Her kan de finne ei stille stund på siste dag i året og samle tankane kring tida som går, kring sorga og vona. Nokon har kanskje fleire dei syrgjer over. For nokon er sorga knytt til ei grav på ein annan stad i verda. Også de skal kjenne dykk inkluderte denne dagen.

## Gudstenesta med meinig

Som prest har eg teke med meg denne tradisjonen frå tida eg virka på Eidsvoll. Dette er av dei finaste og mest vare stundene i kyrkja, ei særslig meiningsfylt gudstenesten. Mange har andre stader vore vane med å ha minnegudsteneste om hausten på Helgemessesundag. Men eg fann at nett på nyårsaftan kan me gje ei god hjelpe til å seie farvel til dette siste året den kjære levde, og at livet må gå vidare inn i eit nytt år. Det er så mange kjensler folk sit med. Mange kjenner seg gjerne ekstra

einsame rundt dei store høgtidene.

## Namn og ljós

Gudstenesta er enkel. Presten les namnet på alle som er gått bort siste året og som er gravlagde eller jordfesta ved ein av dei åtte kyrkjegardane i Vaksdal. For kvart namn vil vi tenne eit ljós. Mellom kvar gruppe av namn som vert lese, vil kantoren spele eit stykkje på orgelet. Vi vil òg tenne eit ekstra ljós til hjelpe for dei som har sorga si knytt til nokon som døydde tidlegare år, eller har ei grav på ein annan stad. Gudstenesta går vidare fram med salmesong, preike, bøn og velsigning. Under postludiet kan alle som ynskjer det, gå ei runde rundt altaret og sjå nærmere på ljuskrossen, og presten vil helse dei i handa.

## Ein liten stans på sorgvegen

Sorga vert ein aldri ferdig med. Sorga er som å gå på ein veg. Krossen gjev retning for vegen. Ljosa lyser opp så vi kan sjå. Vi går ikkje einsame. Herren går med deg på sorgvegen din. Som det står i salme 23: "Om eg så går i



**Stamnes kyrkje.**

Foto: Svein Ulvund

dødsskuggens dal, ottast eg ikkje for noko vondt. For du er med meg. Din kjøpp og din stav, dei trøystar meg."

## Omsorga

Det er ikkje alltid dei mangeorda, men varmen og omtanken frå medvandraran vi treng. Å sjå eit ljós for morgondagen òg. Er det håp for morgondagen? For nokon kan det ta tid å finne det håpet. Ein liten stans der du

får puste langs vegen, gjev ikkje alle svara. Kanskje er det spørsmåla som vert mest påtrengjande. Rakettane og all glede og festen på nyårsaftan er det ikkje alle som klarer ta del i. For deg er ei lita stille stund i kyrkja kanskje det som gjev mest meinig denne dagen.

**Du er velkommen.  
Edvard Bø**

# Kilden 10 år



Kilden i Vaksdal kyrkje under jubileumsgudstenesta i vår.

Den 6.november 2008 var det 10 år sidan Kilden hadde si første øving som kor, og med Tone Synnøve Øygard Steinkopf som musikalsk leiar. Mange av medlemma hadde då vore med i det tidlegare koret Fides og i songgruppa Kilden. Tone Synnøve gjekk inn i arbeidet med Kilden som ein del av kantorstillinga. Då var det

naturleg at det vart eit kor som var ope for alle. Det vart utarbeidd statuttar, og den 6.november var altså den første øvinga. Den første opptredenen var i Kjell Arne Norum sin 50 års fest som vart feira på Vaksdal bedehus. (Gjett kor mange år han er i år?).

Sidan den gong har Kilden øvd jamt og trutt,

teke på seg songoppdrag og vore ein viktig del i det kyrkjeloge arbeidet her i Vaksdal kommune. Kilden har skaffa seg rennomè langt utover kommunegrensene og er ganske så etterspurt. Repertoaret har variert mykje stilmessig og kan hende er det det som har vore varemerket for Kilden. Men bodskapen er klar:

koret syng tekstar med kris-tent innhald.

10 år vart feira med kaffi og kaker på øving, men koret har tenkt å jubilere og har sett ned ein jubileumskomi-te. Gjennom det neste året vil koret feire sine 10 år med ynskje om at tilhøyrarane også kan få glede av det.


**Me gratulererer og takkar for innsatsen så langt!**

## Dale Mannskor med ny CD

Dale Mannskor har sunge inn ”musikalske julegleder”, og resultatet vert å få kjøpt på CD. Songane vart innspalte i Dale kyrkje 24. og 25. oktober, så songarane kom nok i ekstra tidleg julestemning i år! Med seg hadde koret si gode venninne Marianne Juvik Sæbø, som koret og har sunge saman med ved fleire høve tidle-

gare. Lars Ragnvaldsen var som vanleg dirigent, og Frode R Vik spela orgel og klaver. 19 songar er det funne plass til på CDen, og her finn ein både gamle og nye julesongar.

Prisen på CDen vert kr. 150, og han kjem for sal i samband med konserten koret skal ha i Dale kyrkje.



# Utdeling av bok til 4-åringane

Hausten er tid for ute-  
ling av Barnas  
Kyrkjebok til årest 4-  
åringar. På Vaksdal  
skjedde dette siste sun-  
dagen i oktober, og  
mange store og små var  
samla til ettermiddags-  
gudsteneste den dagen.  
Leiaren i Kyrkjelyds-  
utvalet, Kari Bø, over-  
rekte bøkene til dei liv-  
lege fireåringane. I gud-  
stenesta presenterte den  
nye sundagsskulen på  
Vaksdal seg, og  
Kyrkjelyds-utvalet sytte  
for kyrkjekaffi etterpå –  
denne gongen servert  
framme i kyrkjerom-  
met.



Vaksdal

Foto: Per Solhaug



Dale

Foto: Esben Hesjedal

## Konfirmantfest på Stamnes



**Framst frå venstre:** Øystein Farestveit Næset, Rune Straume Samuelsen, Marius Simmenes, Hogne Kallestad Dyvik, Sara Zuliani, Terje Igland, Elisabeth Leiren Tyssebotn, Ingrid Straume Normann, Lene Strand Carlsen

**Bak frå venstre:** Elin Møster, Helga Gammersvik, Berit Simmenes, Grete Klausen Busch, Ingvard Simmenes (skjult) Turid Kårstad, Kjell Odd Leiren, Stien, Jostein Grøsvik, Bjørg Dæmring Berge, Ase Karin Eikemo Strømme.

(Foto: Jan Egil Dyvik)

# 50- og 60-årskonfirmantar



## 50-årskonfirmantar i Vaksdal kyrkje 12. oktober

### Biletet over:

1. rekke, frå venstre: Sigrun (Sæterdal) Ringen, Erna Cesilia (Hausvik) Thom, Aslaug Olsnes.
2. rekke, f v: Karin Oddveig (Magnussen) Borgersen, Gunvor (Faugstad) Risnes, Bjørg Oddlaug (Tolås) Løtvedt, Marit Aud (Hanevik) Utskott, Turid (Stammeshagen) Dybedokken.
3. rekke, f v: Ingvald Jacobsen Boge, Gunnar Andreas Amundsen, Fritz Bjarne Lid, Jacob Olsnes.

(Foto: Bjørn Knutsen)

## 50-årskonfirmantar i Dale kyrkje 26. oktober

### Biletet over høgre side:

1. rekke, frå venstre: Signy (Langeland) Totland, Turid Dale, Aashild (Berge) Hestad, Berit (Vaksdal) Øvrebø, Ingrid (Strømme) Verpelstad, Oddveig (Langhelle) Straume, Arnhild Prestegaard.
2. rekke: Marie (Rolland) Torgersen, Anny (Kvamme) Albrigsen, Oddvar Faugstad, Trond Hop, Nils Tore Hesjedal, Eli (Grøsland) Nygård, sokneprest Frode Kvamsøe.
3. rekke: Gudmund Dalseid, Leif hestad, Asbjørn Helle, Bjørn Lægreid, Egil Berge, Per-Roald Skjerve.

(Foto: Roy Steinsland)

## 60-årskonfirmantar i Dale kyrkje 26. oktober

### Biletet under høgre side:

1. rekke, frå venstre: Berit (Dale) Vaksdal, Berit (Varden) Reinsaas.
2. rekke: Reidunn (Bruvik) Meland, Adele (Brudvik) Gullerud, Anny (Hvidsten) Sik, Ruth (Hesjedal) Olsnes.
3. rekke: Grete Berg Holen, Wenche (Nilsen) Seim, Nils Lars (Nilsen) Dalseide, sokneprest Frode Kvamsøe
4. rekke: Emil Hvidsten, Terje Storegjerde

(Foto: Roy Steinsland)



# Skulegudstenester i lys av ny formålsparagraf

Alle parti i stortinget var samde om ordlyden i den nye formålsparagrafen for opplæringa i skule og opplæringsbedrift som blei presentert den 06.11.08. Paragrafen medfører ingen endringar for skule-/kyrkjesamarbeid i høve til slik det har vore. Den nye formålsparagrafen legg vekt på at "opplæringa skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon".

## Skulegudstenester som før

Det er ingen ting ved den nye formålsparagrafen som tilseier at ein ikkje skulle kunne ha skulegudstenester. Opplæringa skal også "bidra til å utvide kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon". Skulegudstenester vil, som før, bidra til å formidle kristen tradisjon og kulturarv. Vi minner om brevet frå departementet til rådmannen i Tromsø før jul i fjor der det heiter: "Både jul og påske er høytider som har nær samanheng med kultur og årstidenes gang i Norge. Gudstjenester ved disse høytidene kan dermed forstås som en mer allmenn markering

av skolens plass i det norske samfunnet....del av det kulturelle arbeidet ved skolen..." (17.10.2007 – 200602322-B/G). Den nye formålsparagrafen rører ikkje ved dette. Skulegudstenestene har sin rett ut i frå den generelle delen av læreplanen for skulen, og har ingenting med det nye RLE-faget å gjere.

Den nye formålsparagrafen har løfta fram at opplæringa skal skje i samarbeid og forståing med heimen. Ynskjer eit fleirtal av heimeane skulegudstenester, bør skulen, i samarbeida med kyrkja, legge til rette for det. Fritaksretten må sjølvsgart handhevest på ein god måte. Det føreset at skulen gir informasjon om skulegudstenester i god tid og at ein har tilbod om likeverdige fri-taksalternativ.

## Skule-kyrkjesamarbeid

Kyrkja kan etter den nye opplæringslova med stort frimod framleis samarbeide med skolar og barnehagar. Kyrkja har kompetanse på områder som inngår i generell læreplan og læreplanar i enkelte fag. T.d. kan kyrkja gi av sine kunnskapar om og erfaringar

med livsrite, kunst og symboluttrykk, lokalhistorie, salme- og songtradisjonar, krisehandtering, sorg og død, etikk m.m. Enkelte kyrkjelydar har også tilbod om ulike vandringar i kyrkja (påskevandring, krybbevandring, vandring gjennom bibelen m.m.). Kyrkja kan også bidra til å gi informasjon (også digitalt) om kristendomen uti frå eiga forståing av seg sjølv, og ikkje minst hjelpe til med å vise at kristendommen er ein levande religion i lokalsamfunnet.

## Slik lyder den nye paragrafen

Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturrell innsikt og forankring.

Opplæringa skal bygge på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som også kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Opplæringa skal bidra til å utvide kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon.

Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfold og vise respekt for den einskilde si overtyding.

Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.

Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalte skaparglede, engasjement og utforskarkrønig.

Elevane og lærlingane skal lære å tenke kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.

Skolen og lærebedrifta skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.

**Bispedømekontoret**

# Julegaven som varer

## Gi TRIPP TRAPP til et barn du er glad i

I TRIPP TRAPP-klubben får barna gode bøker, DVD-er og CD-er rett hjem i postkassa. De blir kjent med Bibelens fortellinger, med aftenbønner og mange fine barnesanger. Bøker på bokmål og nynorsk.

- For barn fra 0 til 12 år      ● Ingen krav til minstekjøp      ● Tilbod om 3 pakker årlig



Velg gratis gave



Bestill gratis velkomstgave på kupongen eller bruk [www.tripptrapp-klubben.no](http://www.tripptrapp-klubben.no)

Barnets navn:	Givers navn:
_____	_____
_____	_____
<input type="checkbox"/> gutt <input type="checkbox"/> jente	Fødselsår _____
Leveringsadresse for pakken:	
Postnr./sted:	Adresse for medlemsinfo og faktura:
Postnr./sted:	Postnr./sted:
Hvis produktene er på begge målformer, ønsker jeg: <input type="checkbox"/> bokmål <input type="checkbox"/> nynorsk	Jeg ønsker velkomstgave nr.: <input type="checkbox"/> 1 <input type="checkbox"/> 2 <input type="checkbox"/> 3 Sendes til deg.
<input type="checkbox"/> Jeg ønsker et gavekort som kan gis til barnet.	

Dåpsklubben TRIPP TRAPP betaler portoen
Distribuert av Posten Norge
IKO-FORLAGET AS
Svarsending 0020 0090 Oslo

TRIPP TRAPP  
drives av IKO-Forlaget  
Telefon 22 59 53 00  
E-post [ordre@iko.no](mailto:ordre@iko.no)  
Nett [www.iko-forlaget.no](http://www.iko-forlaget.no)  
**DÅPSKLUBBEN**  
**TRIPP TRAPP**  
Bøker og musikk rett hjem. 0–12 år



Utsikt over Genesaretsjøen.

## Israelstur

Fire damer fra Vaksdal fikk drømmen om en tur til Israel oppfylt, sammen med 21 andre fra Øygarden. Reiste fra Flesland kl. 13.35 og ankom Tel Aviv ca. 18.50. Overnatta i Natanja første natta.

Fortsatte turen med besøk i Cæsarea National Park, bygd av Herodes. Videre til Karmelfjellet og Eliastøtten. Besøkte Ebeneshjemmet, et eldresenter for kristne jøder, drevet av Israels-misjonen. Der fikk vi middag og fikk orientering om driften. Kjørte videre til Galilea og Kanaen og kirken der Jesus gjorde sitt første under.

I Teberias budde vi tre netter på samme hotell og det var godt, gode senger og god mat. Den tredje dagen begynte vi på Saligprisningens berg og Tabga der Jesus gjorde to fisker og fem brød om til mat for 5000.

Så en uforglemmelig tur på Genesaretsjøen (Kinnert hebr.), båten hette NOHA. Mannskapet heiste det Norske flagget ved siden av det Israelske og spilte nasjonalsangen vår. Guiden fortalte om det vi såg. Etterpå var vi og såg Jesus-båten, en båt som er funnet i mudderet ved sjøen.

Spiste lunsj ved sjøen og valgte Petersfisk og det smakte godt.

I Kapernaum såg vi restene av huset der Peter bodde og synagogen, så var vi i Nasareth og Bebudelses-kirken. Her var mange Maria-bilder med sær preg fra det landet dei kom fra.

Dagen etter var det Golan og Cesera Filippi som var målet. I Cesera Filippi fylte vi vann på flasker fra Jordan. Etterpå var vi på Golana-høyden og såg over til Syrias grense på den ene siden og til Genesaretsjøen på andre siden. Nedturen var en opplevelse med store svinger og homper. Jimmy, sjåføren vår, var flink med likte å tøyse litt med oss. Heim til hotellet kjørte vi på andre siden av Genesaret-sjøen. Om kvelden tok vi en tur på byen og såg på folkelivet. Høsttakkefesten er ferieuke i dette landet og dei koser seg heile døgnet nesten.

Neste dag gikk turen til Eilat og her skulle vi ha ferie. På veien stoppet vi i Sacne og bada i varme kilder. Stoppa og ved Qumran der Dødehavsrullene vart funne. I Eilat var det varmt og godt og salt sjø. Den ene



Martha, Therese, Annemor og Erna i Fødselskirken.

dagen var noen og på Marin Pærle og såg på fiskelivet i Rødehavet.

Lørdag var vi på tur til Petra i Jordan, denne byen var spesiell og er funnet igjen i senere tid. Den siste dagen av turen var viet Jerusalem. Her var det mye å sjå, Oljeberget, Getsemane, Tårekirken, Tempelplassen, Via Dolorosa, Gravkirken, Gordons Golgota. Tunellen under Tempelplassen var en fin opplevelse.

Var også en tur til Betlehem og var og såg utover markene og besøkte Fødselskirken.

Siste kvelden av Høsttakke-festen er Toraens gledesdag og vi var på Tempelplassen og såg når dei dansa med Toraen. Elles hadde vi mange fine stunder underveis, blant annet nattverdstund i Gordons Golgota var en fin opplevelse.

**Hilsen Erna, Annemor, Therese og Martha**

## GRAVMONUMENTER



Fra Brødr. Strand Stenhuggeri

Vi har alle aktuelle steintyper. Be om katalog og tilbud. NB! Fritt levert og montert alle kirkegårdene i distriktet.

Skrifttilføyelser - Oppussing

Harald Jordal

Tlf. 56 59 64 72 e. kl. 17.00



- ein lokal medspelar



Hordaland BA

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01



SparebankenVest

– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - [www.spv.no](http://www.spv.no)



vangen elektriske a/s

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66

[www.vangen-elektriske.no](http://www.vangen-elektriske.no)



Boks 12, 5721 Dalekvam. Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snittar, koldtbord, middag og pizza til alle anledninger.

SÆTERDAL  
**ELEKTRO**

Me leverer alt innan elektrikar-  
tenester, også varmepumper.  
Tlf. 56 59 43 00



VAKSDAL BLOMSTER OG  
BEGRAVELSESBYRÅ AS

Vi ordnar alt vedrørande dødsfall.

Kransar - Sløyfer - Oppsatsar - Bårebukettar

Ann-Elin Mjelde Gullbrå

Tlf. 56 59 74 70 - Mob. 91 17 97 66

## GRAVMINNER



Udstillingen kan sees i butikk.  
Vi lager også modeller etter ønske.

**STEINRIKET**  
DALE AS

• Navntilføyelser • Omslip  
Restaurering • Bolting • Opprettning

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • [www.steinriket.no](http://www.steinriket.no)

Her er det plass for di annonse!

Pris kr 3,- pr. mm.

## Frå konfirmantarbeidet

### Postkort frå konfirmantane til dei eldste

Konfirmantane i Vaksdal, Dale, Bergsdalen og Stamnes lagar julekort som dei sender til dei eldste i kyrkjelydane sine. "Dei eldste" tyder dette høvet dei som er 85 år og eldre. Julekorta lagar konfirmantane på ein av dei siste samlingane for året,. Dei skriv eit bibelvers og ei helsing på kortet, og dekorerer det elles slik dei sjølv vil.



### Nattcup

40 konfirmantar frå Vaksdal var denne gongen med den årlege nattcupen i fotball, saman med konfirmantar frå fleire kyrkjelydar i Bergen. Det heile skjedde natt til 8. november i Haukelandshallen. Opplegget rundt nattcupen var noko enklare i år enn tidlegare, og det var færre konfirmantar som var med totalt. Innsatsen frå våre tre gutelag og eine jentelag var god, men i år kom ingen lenger enn til kvartfinalen i sluttspelen for gutane.

## SLEKTERS GANG



### DØYPTE

#### Dale

19.10.2008	Ingeborg Sandvik
19.10.2008	Magnus Bjørkheim Haugsvær
19.10.2008	Ole Dalseid Landro
16.11.2008	Milla Sellevold Farestveit
16.11.2008	Keisha Rhianne Solberg



#### Stamnes

19.10.2008	Marius Tennebekk Vik
09.11.2008	Mira Marie Kristensen Kvamme



#### Vaksdal

09.11.2008	Sofie Hisdal
09.11.2008	Leo Herfindal Søndergaard

### VIGDE

#### Vaksdal

08.11.2008	Elin Svensson og David Kariuki Mbogo
------------	--------------------------------------

### DØDE

#### Dale

14.10.2008	Eidrun Fosse	f. 1921 (gravlagd Bolstadøyri)
------------	--------------	-----------------------------------

#### Eksingedalen

24.10.2008	Eldbjørg Nese	f. 1932
------------	---------------	---------

#### Stamnes

10.10.2008	Harald Andreas Stamnesfet	f. 1941
13.10.2008	Ingvald Bjarne Vedaa	f. 1929

#### Vaksdal

28.10.2008	Borghild Knutsen	f. 1912
31.10.2008	Ingeborg Hanevik	f. 1917
10.11.2008	Oddvar Tolås	f. 1945

## Dei ti Guds bod

### 2. Du skal ikkje ha misbruka Guds namn.

*Det tyder: Vi skal ottast og elskar Gud, så vi ikkje brukar namnet hans til å banna og sverja, lyga og svika, men kallar på Gud i all vår naud, bed, lovar og takkar.*

Gi julens fortellinger videre

# Julebøker for barn



Victoria Tebbs / Melanie Mitchell (ill.)

## Se der! Jesusbarnet

Fortellingen om Jesu fødsel gjenfortalt for de aller minste. Enkel tekst, lydmalende ord og glade tegninger.

16 s. innb.  
kr 78,-  
0-3



Francesca Crespi (ill.)

## Jeg er så glad hver julekveld

Utbrettbok med seks vakkert illustrerte julesanger. Når en trekker i klaffer og åpner luker, forandrer bildene seg. Første vers av de kjente sangene gjengis med melodinote og besifring.

Tekster på bokmål og nynorsk.  
10 s. innb.  
kr 188,-  
3►



Geraldine McCaughrean / Sophy Williams (ill.)

## Julens fortelling

Oversatt av Vidar Kristensen.

Julebudskapet fortalt for litt større barn. Her får vi hele fortellingen, fra Sakarja får vite at han skal bli far til Johannes, til Josef og Maria må flykte til Egypt med Jesusbarnet.

48 s. innb.  
kr 198,-  
8►

**iko**  
IKO-FORLAGET AS

[www.iko.no](http://www.iko.no)  
Tlf. 22 59 53 00  
Faks 22 59 53 01  
E-post [ordre@iko.no](mailto:ordre@iko.no)

# VELKOMEN TIL KYRKJA

## DALE

Sundag	<b>30.11</b>	1.s. i advent	Matt. 21,1-9
kl. 11:00	Enkel gudsteneste som avsluttar LYS VAKEN		
kl. 20:00	Lysmesse, Frode Kvamsøe og konfirmantane	kl. 20:00	
	Lysmesse, Frode Kvamsøe og konfirmantane		
Onsdag	<b>24.12</b>	Julaftan	Luk. 2,1-14
kl. 15:00	Julegudsteneste, Frode Kvamsøe		
kl. 16:00	Julegudsteneste, Frode Kvamsøe		
Torsdag	<b>25.12</b>	Juledag	Joh. 1,1-5(6-8) 9-14
kl. 11:00	Høgtidsgudsteneste, nattverd, Edvard Bø		
Onsdag	<b>31.12</b>	Nyårsnatt	Luk. 13,6-9
kl. 23:15	Midnattsmesse, Frode Kvamsøe		
Sundag	<b>11.01</b>	1.s.e. Kr.opb.dag	Matt. 3,13-17
kl. 19:00	Høgmesse, Frode Kvamsøe		
Sundag	<b>25.01</b>	3.s.e. Kr.opb.dag	Joh. 4,46-54
kl. 11:00	Høgmesse, Edvard Bø		
Sundag	<b>08.02</b>	Såmannssundagen	Luk. 8,4-15
kl. 17:00	Familiegudsteneste, Frode Kvamsøe, Utdeling av NT		

## STANGHELLE BEDEHUS

Sundag	<b>14.12</b>	3.s. i advent	Matt. 11,2-10
kl. 16:00	Familiegudsteneste, Edvard Bø		
Sundag	<b>22.02</b>	Sund. før faste	Luk. 18,31-43
kl. 16:00	Familiegudsteneste, Frode Kvamsøe, Kyrkjekaffi		

## BERGSDALEN KYRKJE

Sundag	<b>07.12</b>	2.s. i advent	Luk. 21,25-33
kl. 16:00	Lysmesse, Edvard Bø, Utdeling av 6-årsbok		
Fredag	<b>26.12</b>	2. juledag	Matt. 10,17-22
kl. 11:00	Høgtidsgudsteneste, Edvard Bø		
Sundag	<b>25.01</b>	3.s.e. Kr.opb.dag	Joh. 4,46-54
kl. 11:16	Høgmesse, Frode Kvamsøe		

## EKSINGEDELAEN KYRKJE

Sundag	<b>07.12</b>	2.s. i advent	Luk. 21,25-33
kl. 16:00	Lysmesse, Frode Kvamsøe, Utdeling av 6-årsbok		
Sundag	<b>25.01</b>	3.s.e. Kr.opb.dag	Joh. 4,46-54
kl. 11:00	Høgtidsgudsteneste, Frode Kvamsøe		

## NESHEIM KYRKJE

Sundag	<b>14.12</b>	3.s. i advent	Matt. 11,2-10
kl. 11:00	Vi syng jula inn, Edvard Bø		
Onsdag	<b>24.12</b>	Julaftan	Luk. 2,1-20
kl. 12:00	Julegudsteneste, Edvard Bø		
Sundag	<b>04.01</b>	Kr.opb.dag	Matt. 2,1-12
kl. 11:00	Høgmesse, Edvard Bø		
Sundag	<b>08.02</b>	Såmannssundagen	Luk. 8,4-15
kl. 11:00	Familiegudsteneste, Frode Kvamsøe, Utdeling av NT		

## STAMNES KYRKJE

Sundag	<b>30.11</b>	1.s. i advent	Matt. 21,1-9
kl. 16:00	Lysmesse, Edvard Bø		
Onsdag	<b>24.12</b>	Julaftan	Luk. 2,1-20
kl. 13:30	Julegudsteneste, Frode Kvamsøe		
Fredag	<b>26.12</b>	2. juledag	Matt. 10,17-22
kl. 11:00	Høgtidsgudsteneste, nattverd, Frode Kvamsøe		
Onsdag	<b>31.12</b>	Nyårsnatt	Luk. 13,6-9
kl. 16:00	Minnegudsteneste, Edvard Bø		
Sundag	<b>11.01</b>	1.s.e. Kr.opb.dag	Matt. 3,13-17
kl. 11:00	Høgmesse, Edvard Bø		
Sundag	<b>08.02</b>	Såmannssundagen	Luk. 8,4-15
kl. 11:00	Familiegudsteneste, Edvard Bø, Utdeling av NT		

## EIDSLAND KAPELL

Sundag	<b>30.11</b>	1.s. i advent	Matt. 21,1-9
kl. 16:00	Lysmesse, Frode Kvamsøe		
Onsdag	<b>24.12</b>	Julaftan	Luk. 2,1-20
kl. 16:15	Vi syng jula inn		
Sundag	<b>01.02</b>	Vingardssundagen	Matt. 20,1-16
kl. 11:00	Familiegudsteneste, Frode Kvamsøe, Utdeling av NT		
Sundag	<b>22.02</b>	Sund. før faste	Luk. 18,31-4
	Høgmesse, Edvard Bø		

## VAKSDAL KYRKJE

Sundag	<b>30.11</b>	1.s. i advent	Matt. 21,1-9
kl. 19:00	Lysmesse, Edvard Bø		
Sundag	<b>14.12</b>	3.s. i advent	Matt. 11,2-10
kl. 11:00	Høgmesse, Frode Kvamsøe		
Onsdag	<b>24.12</b>	Julaftan	Luk. 2,1-14
kl. 16:00	Julegudsteneste, Edvard Bø		
Torsdag	<b>25.12</b>	Juledag	Joh. 1,1-5(6-8)9-14
kl. 11:00	Høgtidsgudsteneste, nattverd, Frode Kvamsøe		
Sundag	<b>04.01</b>	Kr.opb.dag	Matt. 2,1-12
kl. 16:00	Familiegudsteneste, Edvard Bø		
Sundag	<b>18.01</b>	2.s.e. Kr.opb.dag	Joh. 2,1-11
kl. 19:00	Høgmesse, Frode Kvamsøe		
Sundag	<b>01.02</b>	Vingardssundagen	Matt. 20,1-16
kl. 11:00	Familiegudsteneste, Edvard Bø, Utdeling av NT		
Sundag	<b>15.02</b>	Kr.forkl.dag	Matt. 17,1-9
kl. 11:00	Høgmesse, Frode Kvamsøe		

## *Adventskonsertar*

**Dale kyrkje sundag 7. desember kl 19.00**

**Medverkande:** Stanghelle/Dale barnesongkor, Kordial, Torsdagsklubben, Agnese Rugevica og Uldis Plepis, Tone Synnøve Øygard Steinkopf og Olav Arne Steinkopf. Adventstankar.

**Stamnes kyrkje laurdag 13. desember kl 16.00**

**Medverkande:** Stamnes barnekor, Blanke messingen. Adventstankar.

**Vaksdal kyrkje sundag 14. desember kl 19.00**

**Medverkande:** Vaksdal skulemusikk, Vaksdal musikklag, Kilden, Marilen Jørgensen Vågen. Adventstankar.

## **FORSONGARAR I KYRKJENE JULEDAG**

Dei som ynskjer å vera med som forsongarar, kan møta i kyrkjene kl. 10.00

## **Stamnes Baby/småbornssong**

har siste samling for i år 8. desember i Stamnes bedehus kl 09.30. Velkommen.

## **Musikalske julegleder**

**med Dale Mannskor og Marianne Juvik Sæbø**

Julekonsert i Dale kyrkje laurdag 13. desember kl. 19.00

Entré kr. 150,-

Det vert «sleppesfest» på CDen under konserten.



## *Julefestar i bedehusa*

### **Vaksdal**

**Måndag 29. desember kl. 18:**

Julefest for vaksne Arr: Indremisjonen

**Laurdag 3. januar kl. 16:**

Julefest for små og store Arr: Kyrkjelydsutvalet

### **Stanghelle**

**Sundag 4. januar kl. 17.** \_Arr: Indremisjonen

### **Dale**

**Fredag 3. januar kl. 17.00.**

Arr: Indremisjonen, Barnelaget og VING

## **Kyrkjebøker i Vaksdal**

Alle bøkene kan kjøpast på Kyrkjekontoret

### **Kyrkja i dalen (2008)**

Nesheim kyrkje 100 år.


111 sider - kr. 250,-.

Kan kjøpast i butikkane på Lavik

og Evanger og i Voss Bokhandel.

Kan også kjøpast hjå boknemnda:

Albert Gullbrå, Nils N. Nesheim og Asbjørn Nese.



### **Dei bygde draumen (2005)**

Jubileumsskrift for Bergsdalen kyrkje 50 år. 220 sider – kr 300,-.


Kan kjøpast her:

Dale: Gyda og Mix

Voss: Notabene i Voss Amfi og Voss Bokhandel

Evanger: I butikken


Bergsdalen: Hjå medl. i KLU og i kyrkja



### **Kyrkjestaden Dale 100 år**

(1996)

104 sider – kr. 50,-.



### **Soga om Stamneskyrkja**

(1986)

239 sider – kr. 50,-.